



car.pool er ein del av Vestladssatsinga.

Vestlandssatsinga, med sitt utspring i 100 Dagar, er eit fantastisk talentbyggingsprosjekt. Her samlast ein haug seriøse arrangørar seg rundt eit band ein ønsker å gi eit karriereløft. Desse festivalane tilbyr totalt sett enormt viktig erfaring frå festivalspeling, turnering, planlegging og økonomistyring. Og bidreg med eit trailerlass merksemd. CV-pimping deluxe! Og ikkje minst; dei får vist seg for eit svært og breitt publikum sommaren igjennom. Ta car.pool godt imot, dei kjem nemleg for å bli.

car.pool plugga i utstyret, sparka i gangfesten -og serverte ein gloheit konsert utan eit einaste keisamt sekund.Ungdommeleg energi og speleglede. Modne ferdigheter, og rå teft for å smi framüber-catchy låtar.

Og på toppen ligg Ida Sofie Laland sin ville powerpop-vokal.Guts og sjarm er skrudd til 11. car.pool er ein herleg eksplosjon av 80-tallspop og moderne rock. Best servert live. For denne gjengen må ikkje berre høyrast, den må dansast med. Delegata frå dei mange festivalane på 100 Dagar var ikkje i tvil, car.pool er Vestlandssatsinga 2020.

Med på Vestlandssatsinga 2020 er heiderlege: Malakoff, Musikkfest Stavanger, Utkant, Folk og fjord, Tysnesfest, Mablis, Festidalen, Bygdalarm, Skånevik Bluesfestival, OmStock, Fest i Vest, Den Festivalen i Vangen og Vikedal Roots Music Festival.

Tidlegare vinnarar er t.d. Kriminell Kunst, Silja Sol, Yuma Sun og I am K.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal

